

<http://www.israelsmisjonen.no/ressurser/materiell/prekenverksted>

Domssundag / Kristi kongedag – 25. november 2012

Preiketekst: Matt 25 ,1-13

Lesetekst I: Job 28,20-28

Lesetekst II: Kol 1,9-14

Den store oljekrisa

I Europa opplever mange at det er ei motsetjing mellom Guds kjærleik til alle menneske på den eine sida og Guds dom på den siste dagen på den andre sida. Mange vegrar seg for å arrangera familiegudsteneste på domssundagen. For korleis skal borna skjøna at Gud er god og kjærleg om vi brukar flannellografen til å forkynna om Guds dom? Dessverre har mange predikantar opp gjennom historia snakka om fortaping og dom på ein måte som verkeleg har skapt redsle og usunn religiøsitet.

Den store utfordringa

Det kan kanskje hjelpa å "ta brodden" av det ubehagelege denne dagen ved å kalla dagen for "Kristi kongedag" eller "Messias sin kongedag".

Likevel forsvinn ikkje det ubehagelege aspektet ved denne dagen, for Jesus blir ikkje konge utan kamp: *"Så kjem enden, når han [Messias] overgjev kongsmakta til Gud, sin Far, etter at han har utsletta all makt og alt herredøme og alt velde. For han skal vera konge til Gud har lagt alle fiendar under hans føter."* (1 Kor 15,24-25)

Vi seier ikkje "Messias sin kongedag" for å få oss til å assosiera med ein konge som viftar med flagget på slottet på ein dag då alle er snille. Litt meir om Gud og hans Messias som konge: Sal 97 der glede (v.1), jubel (v.1), ære (v.6), rysting (v.4) og lyn (v.4) er ein konsekvens av at Gud er konge, og Guds dom er sjølv grunnen til gleda (v.8). Eit døme til: Sal 72, der det står om ein konge som skal døma folket (v.2), forsvara dei hjelpelause (v.2), knusa undertrykkjaren (v.4), og at alle andre kongar skal bøya seg seg ned for denne store kongen og slikka støv (godt mogleg ikkje alle vil gjera det frivillig) (v.9). Sjå òg Habakkuk 3, særleg v.13 som eksplisitt snakkar om Messias.

I ein kultur der vi gjerne vil tru at alle er snille og at "mennesket er godt på botnen", er det ei utfordring å preika på denne dagen. I ei verd der det finst mykje reell vondskap er perspektivet det motsatte, slik Habakkuk seier til Gud: *"Auga er for reine til å sjå det vonde, ulukke orkar du ikkje å sjå på. Så korleis kan du sjå på dei trulause og teia når den urettferdige sluker den som er meir rettferdig enn han sjølv?"* (Hab 2,13). Eller slik martyrane ropar til Gud: *"«Herre, du heilage og truverdige, kor lenge vil du venta før du held dom og lèt straffa for blodet vårt koma over dei som bur på jorda?»"* (Op 6,10). Sjølv born kan ha behov for å vita at Gud skal rydda opp her på jorda.

Retttferd er ein god ting vi skal lovsyngja Gud for, men før vi når fram til ei retttferdig verd, vil Gud måtta foreta ein dom. Ein kjærleg Gud som ikkje set grenser for vondskapen, vil tøma kjærleiken for innhald.

Det store privilegiet

For oss nordeuropearar er det mest naturleg å meina at "det rare som vekkjer indignasjon", er at nokon kanskje ikkje blir frelst. Men Paulus i leseteksten, Kol 1,12-13, påstår det motsatte, for kolossarane skal ikkje berre takka, men dei skal takka med glede fordi at Far har gjort dei i stand til å få del i arven dei heilage får i lyset. Merkeleg nok blei kyrkjelyden i Kolossae faktisk i stand til å få del i arven. Paulus seier at dei som har kome over i lyset, før var i mørkets makt. Før sat dei fast der, men no har dei blitt redda ut. Det er slikt ein skal takka med glede for, altså ikkje berre takka.

Den dramatiske konteksten

Både likninga om dei ti brudejentene, som er dagens preiketekst, og hele konteksten er dramatisk. I Matt 24 handlar det om Himmelriket (Guds rike) når det går mot si fullending, at denne prosessen skal bli omveltande, at ingen veit når det skal skje (Matt 24,36), og at det er viktig å vera klar og fokusert på kva som skal koma. Så kjem preiketeksten vår om brudgommen og brudejentene.

Konteksten i etterkant av preiketeksten vår er prega av oppgjer, utkreving av ansvar og dom. Det handlar om kongen som kjem tilbake for innta rollen sin.

Det store oppgjeret

Bryllaup er som oftast hyggeleg. Likevel fortel preiketeksten om eit avgjerande alvorleg tidspunkt. Før det avgjerande tidspunktet er utfallet ope, mens etter det avgjerande tidspunktet er døra stengt. Dei som er innanfor er innanfor, og dei som er utanfor, forblir utanfor. Gud er tolmodig og nådig, men ein stad må streken gå. Heldigvis er det ikkje vår oppgåve å definera kor denne streken skal gå, men det er predikantens oppgåve denne dagen å vera tydeleg på at Jesus fortel om at ein slik strek vil bli satt. Det merkverdige er ikkje at nokon blir ståande utanfor, men det merkverdige er at nokre faktisk blir redda ut av mørkets rike og blir ført over i riket til Sonen (sml Jesus sine ord i Luk 13,1-5).

Vi er vande med å tenkja at Jesus er ein form for demokrat som verdset det gode i alle menneske, og skjønar ikkje poenget med all dramatikken. Ein nøkkel for å forstå all dramatik, all rekneskap og all banking på døra i Matteus 24 og 25 kan vera å lesa Matt 26,1-2: "*Då Jesus var ferdig med heile denne talen, sa han til læresveinane: «De veit at om to dagar er det påske; då skal Menneskesonen overgjevast til krossfesting.»*" Rett etter all dramatikken i Matt 24 og 25, seier Jesus at Menneskesonen skal krossfestast.

Menneskesonen slik han er teikna i Daniel 7,13-14 liknar veldig på Allherskaren i Matt 24-25 som får ære og krev rekneskap av menneska, men denne Menneskesonen skal krossfestast, han skal lengst ned på stigen for fornedring og straff som det går an å koma. Djupast sett er det berre slike personar som frivillig går heilt frå toppen og heilt ned i det djupaste mørker, som etterpå kan uttala seg om og definera andre menneske sin evige skjebne med legitimitet. Ved at Jesus seier at han skal krossfestast som ein løysepeng for mange (Matt 20,27-28), antyder han at han gjerne vil frelsa oss alle.

Den lange ventinga

Ved bryllaup var skikken slik at brudgommen skulle henta brura og føra henne heim til seg. Brudejentene var bedt med for å gå ilag med brura på denne turen. Då måtte dei ha lamper, eller fakler, som skulle skina opp langs vegen. Men fest og nøyaktige tidspunkt passar ikkje alltid saman, så brudgommen brukte lang tid før han kom forbi.

Faklar for utandørsbruk forbruka mykje olje. Nytt påfyll kvart 15. minutt. Då er det opplagt at ein har med seg ekstra olje, og dersom ein ikkje har det, så er ein som Jesus seier det; uforstandig. Særleg om ein bur i Midtausten der ikkje alt startar på tida.

Alle ti brudejentene var med i følgjet, dvs dei var alle det vi i dag skulle kalla kristne, eller aktive medlem i eit kyrkjefellesskap. Alt såg bra ut i det ytre.

Men den lange ventinga gjorde at dei små forskjellane blei synlege, då det gjaldt som mest. Av samanhengen i evangeliet kan vi skjønna at "olje" handlar om å tru på Jesus som Messias, den levande Guds Son (Matt 16,16) og å ta konsekvensane av dette (Matt 7,21-23). Denne trua kan ein ikkje berre "kjøpa" av sine vener. Den må vera der personleg hos kvar enkelt. Vi blir frelst av tru, men vi blir ikkje frelst av andre si tru.

Ventinga har vore lang for kyrkja, og det er kanskje bra fordi at då får fleire sjansen til å kjøpa nok olje i tide, eller å omvenda seg (2 Pet 3,9). Be så skal de få, sa Jesus, så visst finst det nok "olje" til den som ber om det.

Andreas Johansson

Stedleg representant i Israel for Den Norske Israelmisjon

ncmi.israel.representative@gmail.com